

## Saksliste FAU-møte

**Tid:** tysdag 19. April 2023 klokken 18:00-20.00

**Stad:** Lærarværelset, Brattholmen skule

**Innkalla:** Alle FAU representantar 2022/23

**Til stede:** Christine Asheim, Rolf Martin Indrebø, Torbjørn Marøy, Cecilie Bernestangen, Toril Algrøy, Hilde Søviknes, Kristine Melsbø, Lillian Paulsen Sørebo, Anne Mette Lone.

**Referent:** Anne Mette Lone

| Namn                    | Klasse | Verv  |
|-------------------------|--------|---|
| Sturle Halleraker       | 1b     | Kasserer  |
| June Dávøy              | 1a     | Trivsels ansvarleg, fotograf ansvarleg<br>Klassekontakt ansvarleg (Tema- og klassekontakt ansvarleg)<br>Skolebuss, Juleavslutnings komité |
| Lillian Paulsen Sørebo  | 2a     | Brattisdisco ansvarleg  |
| Kristine Melsbø         | 2b     | 17mai komité ansvarleg  |
| Christine Bildøy Asheim | 3a     | 17mai komité ansvarleg<br>Nestleiar FAU, SMU, SU, KFU   |
| Magne Bringedal         | 3b     | Brattisdiscoansvarleg, Juleavslutnings komité   |
| Anne Mette Lone         | 4a     | Trafikkgruppa, Juleavslutnings komité<br>(Leiar FAU, SMU, SU, KFU)  |
| Rolf Martin Indrebø     | 4b     | Brattisdisco ansvarleg  |
|                         | 5a     |   |
| Cecilie Bernestangen    | 5b     | Trivselsansvarleg, fotografansvarleg<br>Klassekontaktansvarleg (Tema- og klassekontaktansvarleg)<br>Skulebuss                             |
| Toril Algrøy            | 6a     | Kasserar  |
| Tonje Nilsen            | 6b     | Sekretær  |
| Hilde Søviknes          | 7a     | Trafikkgruppa   |
| Torbjørn Marøy          | 7b     |   |


### 1. Gjennomgang av økonomi v/ Torill

- Fått inn pengar for loddsal.
- Betalt ut ein del til 17. mai nemnda for premiar og utgifter i den forbindelse.

### 2. 17.mai komiteen ved Stine Andreassen brifa FAU om plan og oppsett til 17. mai.

- Oppretta offentlig side for 17. mai på Brattholmen skule på Facebook;  
<https://facebook.com/events/s/17-mai-feiring-pa-brattholmen-/1301761803767954/>
- Det blir satt opp eit kart over ulike aktivitetar på skuleområda til informasjon.
- 17. mai komiteen oppfordra alle til å lage masse lyd og røre i toget!
  - **Premiering av klassen med beste heiarop!**
- Ny rute for 17. mai toget:

**Skulelassen – Brattholmen Kai – Forbi Joker mot Skrubbeneset – Tilbake til skulen.**



### 3. Ny skulefotograf

- Lima Foto ved Thomas Olsen var på møte og brifa FAU om tilboda dei har.
- FAU har vedtatt å booke Lima Foto for neste skuleår.
- Alle elevar ved skulen får skulekatalog gratis
- Alle elevar får tilsendt katalogen digitalt men og mogeleg å bestille hardkopi heim i posten kostnadsfritt.
- Moglegheit for søskenfotografering for dei som ynskjer det.

### 4. Trafikksikring av skuleveg

- Mot Ebbesvik er det ynskje om fartsdempingar og nedsett fartssone.  
Fått tilbakemelding frå fylkeskommunen:  
Skal sette opp fartsmåling på strekninga for å kartlegge behovet og befare området.  
Potensielt mogeleg med midlertidige korrigeringar fram til vegen frå industriområdet på Straume/ Sotra Arena til Ebbesvik står ferdigstilt, som er antatt å avlaste vegen i stor grad.

**5. Ønske om at skulen tar vidare mot kommunen i forhold til søknadsfristar**

- FAU har fått tilbakemelding om at det er vanskeleg å forholde seg til søknadsfristar når søknadsfristar for ferie SFO er satt før folk flest har fått godkjent ferie på jobb.

**6. FAU planleggje følgande foredrag i løpet av våren;**

- "Barnevakten" som tidlegare om nettvett – i regi av rektor, FAU sponsar.
  - Blir sendt ut informasjon via skulen ila kort tid.

**7. Informasjon som vil bli lagt ut på FAU si side på facebook:**

Kommande foredrag og arrangement frå FAU:

- ★ Barnevakten
- ★ Kommunepsykologane

Frivillige organisasjonar som kan engasjere born og vaksne:

- ★ Røde Kors
- ★ Kommunen sine fritidstilbod – ung@oygardenkommune.no
- ★ Informasjon om BUA – gratis leige av utstyr

Klare retningslinjer for leige av gymsal – forventningar og krav ved leige

- ★ Klager etter Brattisdisko

Vegleiane retningslinjer frå FAU og skule for internett, sosiale media og tilgjengelegheit for born. Stor variasjon frå born til born.

**Felles praksis for bruk av pengar frå klassekassane for i gi gåve til lærarar;**

- ★ Kor mye og kor ofte er det greitt å gi gåve, samt beløpsgrense er opp til klassane.

FAU legger fram forslag til retningslinjer:

- Per halvår - 150 kroner (per lærar)
- Ein gong i året - 300 kroner (per lærar)

**Felles praksis for bursdagsgåve;**

- ★ FAU ser på denne saka som individuell per klasse/trinn og må behandlast der etter.
- ★ Klassekontaktane må ta dette opp med gruppe/klasse dei representerer.

FAU legger fram forslag til retningslinjer:

- Om felles klassegåve – 400 kroner maks.
- Om gåve til med elev – 100 kroner maks.
- Om ønske om å gi pengar – 50 kroner.

Kom gjerne med forslag til aktivitetar / arrangement FAU kan vere med å arrangere. Pengar som kjem inn til FAU går rett tilbake til elevane og tilrettelegging for elevane.